



## Referat

**Delprosjekt:** K2 – Velferd og sysselsetting – Møte 8

**Møtestad:** Prestemarka Skodje kommune

**Dato:** 14.11.2018

**Tid:** 08.30 – 15:30

**Møteleiar:** Solveig Aarø

<b>Deltagere:</b>	<b>Kommune/repr.</b>
Stig Eivind Meisal Kristin Molt Korsnes Tone Gandrubbakken Eirik Frøystad Ann-Catrin Nyhammer Jan Einar Klungreseth Tove Solheim Kristensen Solveig Aarø	Skodje/ HVO Haram/Einingsleiar Sandøy/Fagleiar Skodje/Einingsleiar Haram/HTV NSF Ørskog/ Einingsleiar Skodje/HTV NSF Ålesund/ny komm.sjef
Per Åge Løvseth har meldt fråfall	Ålesund/koordinator

## Referat og konklusjonar:

### Avklaringar:

Mange ønsker å flytte dei ulike tenestene til andre kommunalområde. Astrid Eidsvik har sagt at organisasjonen er sett foreløpig og at vi skal arbeide ut frå dagens inndelingar.

Det er då svært viktig at vi i K2 ser på korleis vi skal kunne finne gode samarbeidsformer som gjer at vi kan arbeid godt på tvers av kommunalområda og ikkje «Silotenking»

Likeeins skal vi ikkje planlegge ut frå eit scenario der mange av tenestene blir samlokaliserte i eit stort nybygg på Digerneset. Vi skal planlegge ut frå dagens bygningsmasse

Vi snakkar om *likeverdige* tenester i Nye Ålesund og ikkje *like* tenester

Vi tenkjer vi må bygge organisasjonen Nye Ålesund nedanfrå og opp. Det er viktig å sjå kva type tenester vi vil produsere og kvar vi skal produsere desse. Når dette er klart må vi sjå på behovet for leiging og stab/støtte funksjonar

Enkelte delar av kommunen vil ha høgare kvalitet på enkelte tenester en andre. Dette vil jevne seg ut. Sandøy har kanskje eit betre kjøkken medan Skodje har eit betre aktiviseringstillbod til sine innbyggjarar

Vi er alle eining i at det er viktig med nærleik til leiar, på alle nivå. Vi ser vidare at nærleik ikkje nødvendigvis betyr at ein er i same rom. Ein kan nytte seg av digitale løysingar som Skype, mail, telefon osv. Det viktigaste er, at leiar er tilgjengeleg ikkje nødvendigvis alltid tilstades

Det er viktig med myndiggjorde tilsette og tydeleg delegering av oppgåver og ansvar. Ein etterspør felles rolle og funksjonsbeskrivingar. Ein må ha ein felles forståing før ein greier å lage kartet.

### Stab Støtte

Bygge organisasjonen nedanfrå og opp.

Felles stab/støtte for K1, K2 og K4. Dette for å fremje godt samarbeid på tvers og skape heilheitlege tenester

Kanskje ein treng meir stab/støtte funksjonar nedover i organisasjonane  
Skal ein samle ekspertisen eller skal *alle drive med alt*. Dette vil og påverka bruken av stab/støtte

### Butenestene:

Dette er den største og kanskje den mest komplekse tenesta K2 har ansvaret for.  
Faggruppene kom med to forslag til korleis denne tenesta kan organiserast i Nye Ålesund.

### Avklaringar:

Kor stor skal kvar verksamheit være? (50 evt.100 årsverk)?  
Skal butenestene og aktivisering/sysselsetting slåas saman?

### Alt.1- To verksemdar. Dette er det faggruppa meiner er det beste alternativet

Nord overkant 200 årsverk(ÅV)	Sør overkant 200 årsverk(ÅV)
1 Verksemdsleiar (VL)	1 Verksemdsleiar (VL)
7 Teamleiarar (TL)	7 Teamleiarar (TL)

### Faggruppa meiner:

- Det beste alternativet
- Her vil ein bruke dagens lokalitetar  
Leiinga skal være samla og at dei skal være lokalisert sentralt i kommunen.
- Heilheitleg og overordna planlegging
- Korte beslutningsliner
- Det blir likheit i tenestene

### K2 meiner:

- Lange avstandar frå verksemdene til leiing
- Ei meir sårbar organisering med berre 2 VL
- VL treng og eit fagleg og støttande fellesskap med andre VL for å kunne stå i dagens krevjande arbeidssituasjonar
- Blir dette for stort med tanke på td .talet på medarbeidarsamtalar?
- Ser fordelar med å slå saman bu tenestene og aktivisering/sysselsetting, då dette gjev felles nytting av ressursar, godt samarbeid og heilheitlege tenester.
- Den største ulempa er at denne tenesta blir veldig stor.

### Alt.2- 7 Verksemdar med 7 VL og tilsaman 12 TL

### Faggruppa meiner:

- Leiinga nærare tenestene
- Faren er at ein bli «sitjande på si tue» dårlegare samarbeid

- Vanskeleg med å få til lik praksis
- Uhandterlig leiing og styringsspenn
- Kommunalsjef med stab lokalisert utanfor verksemdene
- Verksemdene bestiller frå stab

### Alt 3.- (Eirik Frøystad K2)

Her kom eit forslag om ei løysing midt mellom alt.1 og alt.2.

Verksemd 1	Verksemd 2	Verksemd 3	Verksemd 4
1 VL	1 VL	1 VL	1 VL
3 TL	3 TL	3 TL	3 TL

- Nærheit til leiing
- Samarbeid/støtte mellom VL
- Meir robust organisering
- Ein kan vurdere om evt. aktivisering/sysselsetting skal samorganiserast her.

### Aktivisering og sysselsettingstilbod

Her ser faggruppa for seg ei samlokalisering i eit nybygg på Digernes.  
Ønsker eit nært samarbeid med butenestene

### Måltidsproduksjon

Må være både kok-kjøl og kok-server.  
Oppretthalde dei ulike kjøkkena/funksjonane som er i dag. Må ha ulik lokalt tilpassa teneste.

Der er sterke krefter som meiner at måltidsproduksjon må knytast endå nærare inn mot helse og omsorg (jfr. Leve heile livet)

Er 30 årsverk for lite for ei eiga verksemd og kan ein heller bruke koordinator rolla for dei ulike kjøkkena?

Skal matproduksjon vere i same verksemd som hjelpemiddel?

Skal ein drive som i dag men nytte ledig kapasitet frå dei andre kjøkkena til avlastning for Sentralkjøkken Moa som har for liten kapasitet til å eksponere?

### NAV

Nav har eigen gruppe som arbeider med løysingar mot Nye Ålesund. K2 skal difor ikkje fokusere på dette i denne omgang

### Hjelpemiddel:

Er den stor nok til eigen verksemd, slik som faggruppa ynskjer?

Har egna lokale i Blindheimsbrevika i dag som kan eksponere

**Neste møte:** Dato: 21 november 2018  
Stad: Ørskog rådhus

Ref. Tone Gandrubbakken  
Fagleiar sak/teneste Sandøy kommune